

* POLITIKK · 7

Står fast på at han ikke presset noen



* KOMMUNALT · 14-15

Forsker på verdien av genuine ildsjeler



LANDBRUK · 4-5

Frykter vår for eggprodusenter



Etter flere år der eggproduksjonen vokste i takt med økt forbruk, legges det nå flere egg enn folk kan spise.

Nortura anslår at norske eggbønder i 2013 vil produsere 900 tonn egg for mye. De advarer mot nyetableringer.

KOMMENTAR · 3

MAT OG HANDEL

«Den nye matinteressen er bøndenes sjanse. Den må ikke skusles bort med eksport som nedvurderer mat som kvalitetsprodukt.»



Kari Gåsvatn er kommentator i Nationen.

* LANDBRUK · 6

Vil forsvare norsk svinekjøtteksport

Bondelaget og Nortura mener den påståtte dumping av svinekjøtt til Ukraina ikke er dumping.

* SAMFERDSEL · 8-9

Strømpris står mot jobber i kraftdebatt

Tilhengerne av kraftfusjoner sier lav strømpris også kommer distriktene til gode.

* NÆRINGSLIV · 11

Ganefart-førstepris gikk til Grimstad

Spisestedet Smag og Behag i Grimstad gikk av med seieren i årets Ganefart-konkurranse.

VERDEN · 17



På vei opp

Republikaneren Mitt Romney, her med sin visepresidentkandidat Paul Ryan, er overbevist om at seieren i USAs presidentvalg er innen rekkevidde.

* Eggproduksjon

Eggsalet har vakse over 15 prosent sidan 2006, men **dempa salsvekst** får eggbønder til å frykte overproduksjon neste år.

Nortura trur på overskot av egg i 2013

Forbruket av egg har auka kraftig dei siste åra. Her i landet et vi rundt 12 kilo kvar i året, opp halvanna kilo sidan tusenårsskifte. Eggproduksjonen har auka omtrent i takt, og eggbøndene har samtidig vore igjennom investeringar på fleire hundre millionar kroner i nye bygningar etter at forbodet mot tradisjonelle bur tredde i kraft frå nyttår. Omlegginga har så langt gått nær knirkefritt, men nye prognosar frå marknadsregulator Nortura viser at det går mot 900 tonn i overskot på egg neste år.

– Omlegginga har gått greitt til nå, men det kjem inn fleire nye som vil produsere for fullt neste år. Salsveksten har lenge vore stor, men i sommar og haust har salet vore svakare. Det gjer at vi tek med oss eit overskot på egg inn i det nye året, og prognosane viser at produksjonen neste år vekst kraftigare enn salet, seier direktør Hans Thorn Wittussen i Nortura totalmarked.

Åtvarar mot nyetableringar
Næringa reknar med at friskmeldinga av egg som kjelde til kolesterol, og endring i kosthaldet, er med på å drive opp etterspørselen. Salet auka tre prosent i fjor og ligg an til nye tre prosent vekst i år. Neste år ventar Nortura ei oppbremsing til ein prosent salsvekst. Produksjonen er derimot rekna å auke med fire prosent eller 2300 tonn i 2013. Det utgjør vel 15 nye hønehus med full konsesjon på 7500 høner, noko som er ei investering på rundt 75 millionar kroner.

– Det er ikkje rom for fleire utbyggingar enn dei som alt er lagt inn i kalkylane, elles vil overskotet bli endå større. Resultatet blir raskt prisreduksjon og auka omsetningsavgift på egg, seier Wittussen.

Det er ikkje berre bønder som investerer stort i den ekspan-

derande eggbransjen. Grossist- verksemda Nødland & Gundersen Eftf AS byggjer nytt eggpakeri like ved plogfabrikken til Kverneland i Klepp kommune på Jæren. Investeringa er ifølgje dagleg leiar Erik Salte på mellom 30 og 40 millionar kroner. Det skal meir enn doble pakkerikapasiteten frå dagens vel 2500 tonn egg. Nyanlegget skal vere klar til bruk om rundt to månader.

– Vi treng over 30 nye eggprodusentar. Viss ingen av dagens produsentar vil gå over og levere til oss, så må vi rekruttere nye, seier Salte.

– Snodig prognose

Egga blir selde under merket «Jæregg». Salte seier dei vil kjøpe egg frå marknadsregulator Nortura òg vidare, men i mindre grad enn før. Han stiller spørsmål ved prognosen om eggoverskot.

– Det tykkjer eg verkar snodig. Det er jo ikkje lenge sidan det var for lite, seier han.

Salte seier dei skal i nye forhandlingar med Nortura. Han vil ikkje kommentere kva det blir forhandla om eller kven dei har avtalar med på sal av egg, anna



EGGVEKST

«Det er ikkje rom for fleire utbyggingar enn dei som alt er lagt inn i kalkylane, elles vil overskotet bli endå større.»

HANS THORN WITTUSSEN
DIREKTØR I NORTURA TOTALMARKED

Fakta

Marknaden for egg

* **Produksjon på 57.660 tonn** i år, opp 4,7 % frå 2011. Salet er venta å bli 58.180 tonn, opp 3 %. Importen var på 700 tonn i 1. halvår.

* **Prognose på 59.850 tonn** tilførsel i 2013, opp 3,8 %. Engrossalet er venta å bli 58.930 tonn, opp 1,3 %.

* **Sjølv utan import** er det venta over 900 tonn egg i overskot i 2013.

* **485 eggprodusentar** har til saman 3,9 mill. høner, der 3,2 mill. høner legg egg for tida.

enn at det skal vere både til butikk og storhushald.

Ber aktørane halde igjen

Leiar Torill Møystad i Eggprodusentenes Interessekklubb (EIK) liker dårleg at det kan gå mot overproduksjon på egg.

– Overproduksjon er alltid negativt. Balanse i marknaden er best både for produsentar og forbrukarar. Overproduksjon fører til fall i prisen på egg som igjen vil gå ut over økonomien til mange som har investert millionbeløp dei siste åra. I neste omgang kan svekkja økonomi lett gå ut over kvaliteten, og det er svært lite ønskeleg, seier Møystad.

Ho ber aktørane vere svært forsiktige med nyetableringar. Om det skulle kome ytterlegare 30 nye eggprodusentar, fryktar ho konsekvensane.

– Det ville vore heilt uforsvarleg. Eggproduksjonen må fordelast på ein god måte, elles vil alle tape, seier ho.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

nationen.no

Sjå heile marknadsprognosen for egg i 2013 på nationen.no



Ruging: Tone Steinsland (34) og Nash Mapfumba (31) rugar og fórar gjennom auka eggсал er bra, men åtvarar mot frislepp og overproduksjon.

Glede for eggvek

Steinsland & Co rugar fram nær tre av fire verpehøner her i landet og får del i eggveksten. Tone Steinsland (34) ser likevel mørke skyer i horisonten.

TIME. – Sjansen for at hønene som har lagt frukostegget ditt kjem her ifrå, er ganske stor, seier Tone Steinsland og viser fram ruge-maskinar som klekkjer 4,8 millionar kyllingar i året.

Det er rundt tre år sidan ho starta å arbeide i familieselskapet, etter å ha tatt mastergrad i politikk og bachelor i business i Australia. Der trefte ho sin kom-

ande ektemann, økonomistudenten Nash Mapfumba frå Zimbabwe. Etter ei tid i landbruks-maskinkonsernet Kverneland og norsk oljebransje har begge sitt daglege virke i familieselskapet, som samla tel 14 årsverk fordelt på 25 personar.

– Eg trudde aldri at eg skulle kome til å drive i same bransje som far og mor, men det er jo både



familieselskapet Steinsland & Co kvart år fram rundt 2,4 millionar kyllingar som skal bli verpehøner hos eggprodusentar i heile landet. Steinsland seier

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE



st, men fryktar frislepp vil gi baksmell



svært interessant, utfordrande og avansert. Og ein får sjå heile verdikjeda, seier Steinsland, og får støtte av Mapfumba.

– Det er godt å jobbe med høner, seier han med glimt i auge.

– Må unngå overproduksjon

Veksten i eggbransjen merkar også Steinsland & Co AS godt.

I 2009 utvida dei rugekapasiteten med 40 prosent, ei investering på 15 millionar kroner. Dei har òg planar om å byggje nytt hus for 20.000 verpehøner neste år for å nytte ein i dag ubrukt konsesjon.

– Det har vore bra vekst dei siste åra. Større eggskal er positivt, men marknadsbalansen er skjor, seier Steinsland.

Ho er òg sekretær i Eggprodusentenes Interessekklubb (EIK) og ser fleire utfordringar.

– Det er svært viktig å unngå overproduksjon av egg. Nesten alle har investert mykje dei siste åra og mange har mykje gjeld.

Ingen kan leggje ned utan å tape store pengar, seier Steinsland.

Ho tykkjer det er paradoksalt at Nortura har det ho kallar dobbel mottakspå egg, noko ho håper kan avskaffast.

– I dag kan Nortura ikkje seie nei til å ta imot egg frå nokon. Hel-

FRISLEPP

«På egg vil auka konsesjonsgrensar vere katastrofalt på kort sikt.»

STONE STEINSLAND
STEINSLAND & CO

ler ikkje frå andre eggpakkeri, om dei har for mykje, seier ho.

– Katastrofalt med frislepp

Ho er skeptisk til eit regjeringsskifte neste år om høgresida gjer alvor av planane om frislepp av produksjonen.

– På egg driv vi så bra som vi kan her i landet. Auka konsesjonsgrensar på kylling skal ikkje eguttale meg om, men på egg vil auka konsesjonsgrensar vere katastrofalt på kort sikt slik det er i dag, seier Steinsland.

Ho har sett fjørfeanlegg i mange land og er ikkje imponert.

– I Tyskland gir dei hønene 19

ulike vaksinar mot sjukdommar. Dei trur oss nesten ikkje når vi seier vi berre gir ein vaksine. 10 land står for nesten halvparten av eggproduksjonen i verda og anlegga er gigantiske. Her i landet er egg salmonellafrie og dyrevelferden god. Det må vi ikkje øydeleggje, seier Steinsland.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE

bjarne.aase@nationen.no

nationen.no

Sjå fleire foto frå rugeriet og oppdretten i nationen.no